

Kva med treteltet?

25.08.2009

Sigmund Skjoldal, som bur i Tønsberg, har tidlegare søkt om å få setja opp eit tretelt på Øyro Marina og Camping. No gjer han ein ny framstøyt mot kommunen

Han har framleis ikkje fått svar på søknaden han sendte 20. april i år om oppsetjing av eit slikt telt på 3 X 6 meter ved vogna si på Øyro.

Og han spør: 'Da det enda ikke foreligger svar på min søknad, kan jeg da regne det som et ja?'

Skjoldal har tidlegare peika på at ein vogn på Rabben Feriesenter, like ved vogna hans (se biletet), har eit tilbygg med dei samme mål og difor også er på 18 kvadratmeter.

Skjoldal kan difor ikkje sjå at det burde vera noko i vegn for å gje han grønt lys for eit tretelt av same storleik.

Av Ola Matti Mathisen